


Til

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 OSLO

Høyring - forslag til forskrift om rammeplan for barnehagelærarar - uttale frå Høgskulen i Sogn og Fjordane

Vi viser til forslag til forskrift om rammeplan for barnehagelærarar frå Kunnskapsdepartementet
01. 02.2012. Vedlagt følgjer uttale frå HiSF.

Med helsing



Hans Jørgen Binningsbø
ass. rektor



Kari Thorsen
seniorrådgjevar

Vedlegg: Høyringsuttale på utkast til forskrift om rammeplan for barnehagelærarutdanning.

Høyringsuttale på utkast til forskrift om rammeplan for barnehagelærerutdanning.

§ 1 Verkeområde og føremål

I denne delen finn vi mange av dei grunnleggjande kompetansane vi tenkjer at ein førskulelærer treng, men vi saknar leiarperspektivet. Når det gjeld ei tydeleggjering av leiarperspektivet i § 1 viser vi både til NOKUT – evalueringa av førskulelærerutdanninga (2010) og NOU 2010:8, som begge peikar på at leiarperspektivet i grunn og vidareutdanning bør styrkast. I den samanheng har vi forslag om å utvide avsnitt 4 med følgjande setning: *Utdanningen skal vidare gi kompetanse i pedagogisk ledelse.*

§ 2 Læringsutbytte

Kunnskapar:

Under læringsutbytte studenten skal ha knytt til kunnskap, saknar vi bruk av omgrepet *sosial utjamning*. Vi tenkjer at studenten bør ha kunnskapar om barnehagen som ein sosialt utjamnande institusjon, og har forslag om at dette omgrepet vert teke inn i kulepunkt 1.

Kunnskapsutvikling knytt til leiing ynskjer vi også tydelegare i læringsutbytteformuleringane, og har forslag om følgjande endring av kulepunkt 2: *Har bred kunnskap i barnehagens fagområder, om ledelse av pedagogisk arbeid og barns læringsprosesser, og om danning gjennom omsorg, lek og læring.*

Det bør også reindyrkast kva nivå formuleringane skal ligge på. Målformuleringa: *Har bred kunnskap om barns språkutvikling, flerspråklighet og gryende lese-, skrive- og regneferdigheter*, ligg for eksempel på eit anna spesifiseringsnivå enn dei andre målformuleringane. Vi har difor forslag om at den kan endrast til: *har bred kunnskap om barns utvikling.*

Omgrepet kunnskap er brukt i alle målformuleringane, vi stiller spørsmål ved om dette er dekkande for alle faga som er representert i førskulelærerutdanninga. Vi føreslår difor at i tillegg til omgrepet kunnskap bør også omgrepa oppleving, haldning, verdi og innsikt vere representert i forskrifta.

Ferdigheiter:

Vi oppmodar også under ferdigheiter utvalet til å sikre at alle målformuleringane er på same nivå: anten spesifikt inn mot fag, eller overordna.

Når det gjeld kulepunkt 1 er vi usikre på kva som er meint. Skal studentane nytte resultat frå eiga forskning eller frå andre sin forskning, eller begge deler. Dette punktet bør presiserast.

Knytt til punktet: *Kan identifisere særskilte behov hos enkeltbarn og på bakgrunn av faglige vurderinger iverksette tiltak.* Vi finn dette punktet ambisiøst og stiller spørsmål ved om ein student på grunnutdanningsnivå har nok fagleg tyngde til å ha ferdigheit til å gjennomføre dette. Vi er også usikre på korleis studenten skal kunne vise at han kan dette og i neste omgang korleis vi skal kunne vurdere om han kan det.

Vi stiller spørsmål ved om målformuleringa: *Kan bruke sin faglighet til improvisasjon i lek og læring* kunne vore noko meir konkretisert, og kjem med følgjande forslag: *Kan bruke sin faglighet til å arbeidet didaktisk i formelle og uformelle lærings situasjoner i spenningsfeltet mellom faglige intensjoner og barnets medvirkning.*

Samarbeid med føresette er eit grunnleggjande element i førskulelærerutdanninga, og vi oppmodar om at det vert skrive i ei eiga målformulering og ikkje berre som ei bisetning.

Generell kompetanse:

Digital kompetanse bør vere med under studenten sin generelle kompetanse. Dette ser vi som ein viktig kompetanse i dagens samfunn, og det er ein kompetanse ein må ha for å kunne utføre arbeidet som barnehagelærer både med barn, foreldre, personale og administrativt.

Vi saknar at samarbeid med foreldre ikkje er rekna som ein generell kompetanse studentane bør ha.

Skifte av namn frå førskulelærerutdanning til barnehagelærerutdanning:

Dette punktet har høyringsgruppa vore delte i synet på. Dei fleste meiner at namnet barnehagelærer høver best både i forhold til profesjon og i forhold til at barnehagen er den første delen av utdanningsstigen. Namnet harmonerer såleis godt med benemningane i utdanningssystemet. Vi stiller likevel spørsmål ved om namneendringa vil heve eller senke statusen til yrket. Spesielt studentrepresentantane har vore opptekne av kva dette gjer med statusen, og om det er eit godt grep knytt til rekruttering til yrket.

Praksis:

Det bør vere planfesta meir praksis det 3. studieåret, både fordi det vil vere naturleg å ha praksis som ein del av kunnskapsområdet *leiing, samarbeid og utviklingsarbeid* og som ein del av fordjupinga. Vi føreslår difor 70 dagar fordelt på dei to første åra og 30 dagar det siste året.

Vi tykkjer også det bør konkretiserast at studentane skal ha 5 dagar veileda praksis i grunnskulen. I denne samanheng viser vi til NOU 2010:8 *Med forskertrang og lekelyst* som framhevar viktigheita av at førskulelærarar har praksis i grunnskulen og omvendt. Dette som eit grep for å sikre at barna får eit heilskapleg utdanningsløp.

Generelle kommentarar:

Vi saknar bruk av fagspråk i teksten. Kan hende det burde vore eit tydlegare fagspråk i formuleringane?

Som tidlegare nemnt bør leiingsperspektivet tydeleggjerast i heile føreskrifta. Det er eit viktig tema som både bør vere tverrfagleg og tilstade alle tre åra.

Det har i høyringsgruppa vore stilt spørsmål ved om det i føreskrifta bør vere sett ei minimumsgrense for kor mange studiepoeng det enkelte fag skal ha.

Vi stiller også litt spørsmål ved pedagogikk som fagområde, bør føreskrifta vere meir spesifikk knytt til generell pedagogisk kompetanse som studentane treng å tileigne seg? Studentane signaliserer også at det er viktig at dei får eit tydeleg fundament i starten av studiet når det gjeld pedagogikkfaget.

Vi reagerer på at namnet på kunnskapsområdet *kunst, kultur og kreativitet* er det einaste kunnskapsområdet som heiter det same som fagområdet i rammeplan for barnehagen. Vårt forslag er å kutte ut kulturomgrepet i nemninga, då dette er eit omfattande omgrep og også eit omgrep som vil vere gjeldande for fleire av kunnskapsområda. Vi tykkjer namnet *kunst, kreativitet og skapande arbeid* er meir dekkjande for innhaldet i kunnskapsområdet og meir profesjonsretta. Det bør også i namngjeving på kunnskapsområda jobbast med einsretting, vel ein for eksempel å kutte ut profesjonsfaget i nemninga bør dette vere konsekvent. Dette gjeld kunnskapsområde: *Språk, tekst og matematikk*, som vi har forslag om vert endra til: *Språk, tekst og tal*.

Det må også sikrast at forskrifta er bygd opp på ein slik måte at den legg til rette for at førskulelærarstudentar skal kunne ta master på 5 år.

Sogndal 13.04.12

Rasmus Stokke

Dekan

Sign



Kari Thorsen

Seniorrådgjevar